

Jostedalen Breførarlag AS

**Førebels svar - klage på vedtak**

Vi viser til klage på vedtak datert 23.11.15.

Klagen inneheld to punkt der eitt av punkta omhandlar nyhendegrad. Søkjar stiller seg uforståande til at dette er ein del av vurderinga av søknaden.

I vurderinga av søknad som vart sendt over til Jostedalen Breførarlag og Tur App 23.11.2015 står det at Innovasjon Norge ikkje prioriterer søknaden frå Tur App grunna nyhendegraden. Dette er Innovasjon Norge sin vurdering og ikkje ein del av fylkeskommunen sin vurdering, men det er forståeleg at dette kan misforståast då det står at vi støttar vurderinga til Innovasjon Norge.

I vurderinga støttar fylkeskommunen vurderinga til Innovasjon Norge som går på at TurApp er derfinert som prosjektleiar og at Jostedalen Breførarlag AS står som formell søkjar. I praksis er det TurApp som er konsulenten og drivkrafta i prosjektet. Difor er det denne delen vi tek omsyn til i handsaminga av dykkar klage.

Ved klage på vedtak knytt til midlar sett av til infrastruktur i reiselivet er prosedyren følgjande:

Klagen skal handsamast på nytt av næringsavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dersom vi endrar innstilling er saka ferdig og vi sender tilsegnsbrev. Dersom vi held på vår primære innstilling, går saka først til hovudutval for næring og kultur. Dersom dei stør oss og klagar vil halde på si klage, går saka til fylkesutvalet som klageorgan. Sakshandsaminga blir då overteken av fylkesrådmannen.

Det kan difor ta noko tid før de får endeleg svar på dykkar klage.

Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Jan Heggheim  
Fylkesdirektør for næring

Ingeborg Lysne Mcevoy  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar (ar)

Jostedalen Breførarlag AS